



Skodespela har rike tradisjonar i Uskedal ungdomslag.

**Alt er klart for haustfest i ungdomslaget i morgon, laurdag.
Hausten er komen og påmeldinga er god.
Festtalar er Dag Helland.
Tittel på talen er: Ungdomslaget – før, no og i framtida.**

Med bilete og illustrasjonar vil Dag Helland få fram kva som særprega ungdomslaga i Kvinnherad i oppveksten hans og kva samfunnsrolle ungdomslaga har i dag.

Med bakgrunnen hans frå Kvinnherad og som medlem i bygdelaga i Bergen, ser vi fram til ein innhaldsrik tale.

Arrangøren gjer merksam på at med påmelding på førehand, vert festen rekna som eit lukka lag. Det er ikkje lagt opp til sal av drikke. Alle må difor ta med drikke til eige forbruk.

Tekst: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland

Foto frå Uskedal ungdomslag sitt arkiv.